



---

**Utval:** Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg  
**Møtestad:** Hamaren Fyresdal Næringshage  
**Dato:** 11.04.2019  
**Tid:** 08:30

---

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.  
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
---------------------------	----------------

---

PS 8/19	Referatsaker
PS 9/19	Søknad om stønad til rusfritt ungdomsarrangement
PS 10/19	Søknad om tilskot til Skeidet 2019
PS 11/19	Serveringsløyve på Bistro Teisner

Fyresdal 4. april 2019

Nils Kristian Moe  
utvalsleiar

Fellestenesta  
utvalssekretær

**PS 8/19 Referatsaker**

**RS 34/19 Orientering frå administrasjonen**

**RS 35/19 Orientering om kantinetilbodet ved Gimle skule**

**RS 36/19 Årsmelding 2018 fra Pasient- og brukerombudet i Telemark**



**Saksframlegg**

**Søknad om stønad til rusfritt ungdomsarrangement med tema  
«Tak vare på kvarandre, vi har ingen fleire å miste».**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	9/19	11.04.2019

**Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg**

**Dokument i saka:**

**Referat frå møte i ungdomsrådet 26.03.2019.**

**Bakgrunn for saka:**

På møte 5. mars i ungdomsrådet kom det fram eit ynskje om å lage eit ungdomsarrangement med tema «Vi har ingen fleire å miste». På seiste møte 26. mars blei klubbleiar Svein Slyngstad, brannmann Torfinn Straume, og Røde Kors kalla inn til eit samarbeid om eit ungdomsarrangement med tema «Ta vare på kvarandre».

Sjå sitat frå møtet 5. mars under:

*«Ungdomsrådet ynskjer å dra i gang eit arrangement med tema, «Tak vare på kvarandre, vi har ingen fleir å miste». Ungdomsrådet tenker eit samarbeid med dei sjølv, Røde kors og klubben. Dei tenker eit ungdomsarrangement( 8. klasse og oppover), helst på vår/sommar, med t.d. fylgjande aktivitetar:*

*Sikkerhets quiz/sikkerhetsrebus  
Her må vere flotte premiar (Ungdomsrådet har litt pengar)  
Volleyball, bading, promillebriller, symje med klær, vantrampoline, tube  
Og sikkert andre ting...  
Heile arrangementet bør filmast, spørre Radde Film.»*

På seiste møte 26.03 var både Røde kors, klubben og brannmann og ungdomsrådet representert. Det blei avgjort ein god del ting på dette møtet.

Røde Kors stiller med mannskap og båtar, og brann kan stille med 3-4 mann. Ungdomsrådet stiller med medlemmer og varamedlemmer. Ein person frå klubben kan møte.

Arrangementet skal vere søndag 16.06.2019 frå ca kl 15.00-20.00. Rusfritt arrangement.

Vatnaktivitetar: Brannvesenet har vakter, kan og ha ein liten demo på livredning.

Røde Kors kan vise ekkoloddet, sleppe ned ei dökke og søkje etter denne.

Oppfordre til at alle har med seg vestar og evt. Våtdrakt.

Kontakte med eit firma med opplegg for surfing og hamsterball på vatn, sjekke prisar på dette.

Sikkerhetsquizz/rebus, Røde kors lagar den.

Volleyballturnering.

Tømmerstokkar på vatn, balansere, promillebriller, høgast sandslott

Kven kan ete mest marshmallows  
Kompisbering  
Bading med klær

Ungdomsrådet tenker at det skal vere ein skikkeleg «beachparty» faktor over heile arrangementet, og dei jobbar i desse dagar med å finne eit fengande namn på arrangementet. Det skal vere matservering, musikk, DJ/Speaker og mykje gøy, men dei er og svært opptekne av at temaet må kome klart fram «Tak vare på kvarandre, vi har ingen fleire å miste». Sikkerheit på vatn skal vere tema, de er også derfor opptekne av å ha arrangementet tidleg på sommaren, for å setje fokus på dette.

Målgruppe er unge frå 7. klasse og oppover.

Det skal marknadsførast vidt både på nett, FB, med plakater, flyers osv.

Fyresdal ungdomsråd søker Fyresdal kommune om kr 25.000,- til arrangementet.

Ungdomsrådet har ei årleg løyving frå kommunen på kr 20.000,-, og vil gjerne nytte noko av denne potten til arrangementet, men har ikkje lyst til å bruke alt, då det er greitt at det er litt att til det nye ungdomsrådet som skal veljast frå hausten av. Noko av denne potten blir og bruka til mat til møter osv.

#### Budsjett

	Inntekter	Utgifter
Sponsing av mat		20000
Leige av utstyr aktivitetar vatn		18000
Premiar		10000
Leige av lydutstyr, lydmann		5000
Frifond via Røde kors	15000	
OKO-utvalet	25000	
Ungdomsrådet egne pengar	8000	
Sponsormidler	5000	
Sum	53000	53000

#### Vurdering:

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 - 2022/måla i budsjettet for 2019 i avdeling for skule – og kultur:*

#### **Fokus på rusførebyggjande arbeid**

#### **Barn- og unge skal prioriterast i kultursatsinga.**

Det er svært positivt at dei unge ynskjer å dra i gang eit slikt arrangement, og det er stort og positivt engasjement her. Dei har lyst til å ha eit arrangement med litt «wow» faktor, og gledar seg allereie til å setje i gang.

Ein stor del av pengane i budsjettet går til innleige av utstyr og mat. Når det gjeld innleige av utstyr, er det i så fall ei aktivitetspakke med aktivitetar ein ikkje greier å dra i gang sjølv. Dette har ungdomen veldig lyst til å ha. I tillegg går det mykje pengar til mat, ein tenker å spørje ein lokal matprodusent om dei kan grille og lage mat, og så sele til reduserte prisar til dei unge. Tanken er at det skal koste minimalt å delta på dette arrangementet .

Ein kan sjølv sagt greie å gjennomføre utan desse utgiftspostane, men då blir arrangementet både dyrare og mindre attraktivt.

#### **Konklusjon:**

Fyresdal ungdomsråd har eit veldig positivt engasjement rundt dette arrangementet. Temaet «Tak vare på kvarandre, vi har ingen fleire å miste» er viktig å oppretthalde og halde trykk på. Eit rusfritt ungdomsarrangement med tryggleik ved vatn som tema er både viktig og bra. Det treffer og målgruppa for det rusførebyggjande arbeidet kommunen har som mål å jobbe med.

Ein vil derfor rå til å løyve midlar til arrangementet.  
Fyresdal Ungdomsråd har frå tidlegare eit fond kor det står omlag 41.000. Det er rimeleg å nytte av desse midlane til arrangementet:

**Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune er positive til engasjementet til Fyresdal ungdomsråd, og løyver kr 25.000,- til rusfritt ungdomsarrangement med tema «Tak vare på kvarandre, vi har ingen fleire å miste» Løyving frå Ungdomsrådet sitt fond 2510043, rest på dette fondet blir då 16.000,-.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent



**Saksframlegg**

**Søknad om tilskot til Skeidet 2019**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	10/19	11.04.2019

**Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg**

**Dokument i saka:**

**Søknad om tilskot av 01.04.2019**

**Rekneskap 2018**

**Årsmelding Skeidet 2018**

**Årsmøteprotokoll Skeidet 2019**

Etter to år med kommunal prosjektleiing, blei Skeidet i 2018 arrangert av organisasjonen Skeidet, som er privat initiert, med Tilman Hartenstein som leiar.

Tilskotet på kr 40.000,- som kommunen tidlegare har ytt til Olsok seinare Skeidet, blei løyvd til Skeidet 2018 i OKO sak 24/18.

Skeidet i 2018 var nøkternt og godt gjennomført, med eit lite overskot som dei ynskjer å nytte til underhaldning og innkjøp av noko nytt utstyr i 2019.

Etter at det blei vedtatt at kulturkonsulenten ikkje lenger skal vere prosjektleiar for Skeidet, fatta Fyresdal Idrettsråd fylgjande vedtak i møte 11.01.2018:

*"Fyresdal Idrettsråd ynskjer at Skeidet skal vidareførast dersom det er nokon som ynskjer å jobbe vidare med dette. Dersom ein gruppering arrangerer Skeid i 2018, kan Fyresdal Idrettsråd overføre restmidlar etter Skeidet, kr 40.000,-, til dette arrangementet. Gruppen kan då låne utstyr og kostymer til bruk under Skeidet.*

*Dette er å sjå på som ei prøveordning i maks. to år. Etter denne tid vil eigarskapet til utstyr og drakter vurderast på ny."*

**Vurdering:**

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå måla i budsjettet for 2019 i sektor for kultur og oppvekst;*

**Legge til rette for eksterne og egne kulturarrangement.**

Det er sjølvsagt positivt at private personar ynskjer å dra i gang aktivitet som innbyggjarar, turistar og andre vil få gleder av å oppleve. Skeidet er i ferd med å etablere seg som eit årleg arrangement, og kan bli ei god merkevare for Fyresdal dersom det held fram. Det tar tid å etablere slike arrangement, og ikkje minst å gjere det kjent slik at publikumstalet aukar. Ein sei at ein i alle fall bør ha fem år for å "finne formen" og sjå om det er verdt å satse vidare på. Evalueringsrapportane frå arrangementa i 2016 og 2017 og gjennomføringsrapportane i 2018, tilsei ei vidareføring.

Nedanfor fylgjer budsjett for 2019 som ser både nøkternt og realistisk ut.

KVA	INNTEKT	UTGIFT
Billettinntekt (Skeidpengar)	30000	
Frå overskot Skeidet 2018	15000	
Kulturmidlar Fyresdal kommune (søknad)	40000	
Sponsormidlar diverse	25000	
Andre tilskot (søknad)	0	
Utgifter Hugljufur (marknadsføring, premier, gjerding mm)		20000
Innleigde aktivitetar		20000
Annonsering aviser		10000
Føredragshaldar		8000
Forbruksmateriell		5000
Premier støttelodd og femkamp		4000
Premier vikingritt		4000
Innleige musikk		20000
Støttelodd produksjon		1000
Plakat, bannere, vimplar mm		7500
Leige av toalettanlegg, lydanlegg		1500
Andre kostnadar		9000
<b>Sum</b>	<b>110000</b>	<b>110000</b>
<b>I tillegg investering frå eigekapital på kr 35000,-</b>		

### Konklusjon:

Fyresdal kommune meiner det er positivt at private aktørar initierer vidareføring av Skeidet for 2019, og løyver kr 40.000,- til arrangementet for 2019.

Løyving frå konto 1113 490 disponible pott OKO –utvalet. Det står då att kr 32.000,-.

### Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune meiner det er positivt at private initierer vidareføring av Skeidet for 2019, og løyver kr 40.000,- til arrangementet for 2019.

Løyving frå konto 1113 490 disponible pott OKO –utvalet.

Det står då att kr 32.000,- på OKO- utvalet sin disponible pott.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent





**Saksframlegg**

**Serveringsløyve på Bistro Teisner**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	11/19	11.04.2019

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

**Dokument i saka:**

Søknad frå Bistro Teisner AS, datert 20.03.19  
Situasjonsplan Bistro Teisner  
Firmaattest Bistro Teisner AS  
Skatteattest Bjørn Veum Seljevold  
Uttale frå lensmannen i Vinje datert,

**Bakgrunn for saka:**

Bistro Teisner AS ved kontaktperson Robin Seljevold søker om serveringsløyve for Bistro Teisner, restaurant.  
Situasjonsplan og søknad viser at det er tenkt inne- og uteservering i lokala til Fyresdal Næringsshage. Her har det vore kafeverksemd fram til dags dato.  
Trond Rustand skal vere dagleg leiar og styrar av serveringsløyve.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022;  
Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.*

Bistro Teisner AS skriv i sin søknad at dei vil ha ope for servering heile året.  
Dei vil ha 100 sitjeplassar innandørs og 30 sitjeplassar utandørs.  
Dei ynskjer desse opningstidene; måndag og tysdag kl 11.00 – 22.00, onsdag og torsdag kl 11.00 – 24.00, fredag og laurdag kl 11.00 – 02.00 og søndag kl 11.00 – 20.00.

Opningstidene for serveringsstader i Fyresdal er regulera i forskrift;  
*Forskrift om opnings- og stengjetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark*  
Fastsett av Fyresdal kommunestyre 29. mars 2012 med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet (serveringsloven) § 15.

*Med heimel i serveringslova § 15 som opnar for at kommunen i forskrift kan fastsette opningstider for dei serveringsstadene som ligg i kommunen vedtek Fyresdal kommune følgjande stengevedtekter for serveringsstader slik at dei samsvarar med opningstidene for skjenking av alkohol men med utvida opningstid på 3 timar.*

*Opningstidene blir då som fylgjer: Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl. 02.00 til kl. 07.00.*

*Opningstidene gjeld også påske, pinse og nyttårseftadagar og for servering inne i lokale og uteservering. Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.*

Serveringsløyve kan bli gitt når fylgjande krav er oppfylte:

- Serveringsstaden må ha ein dagleg leiar med det reelle ansvaret for den daglege drifta av serveringsstaden. Dagleg leiar må vere myndig.
- Krav om etablerarprøva, der dagleg leiar må ha gjennomført og greidd prøva.
- Krav til vandel: Løyvehavar, dagleg leiar og personar som har stor påverknad på verksemda må ha utvist uklanderleg vandel med omsyn til straffelovgjevinga, skatte- og avgiftslovgjevinga, rekneskapslovgjevinga, lov om forbod mot diskriminering, m.m.
- Ved vurdering av løyvehavar og andre personars vandel skal det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn fem år.
- Skatteattest for den som er økonomisk ansvarleg for drifta.

Trond Rustand f 03.05.68 er sett opp som dagleg leiar og styrar av løyvet. Rustand har gjennomført etablerarprøva i 2005 og har arbeidd i liknande verksemder i fleire år.

Det er bedt om uttale frå skatteetaten og lensmannen i Vinje.

Desse er ikkje komen inn til fristen og blir ettersende.

Under forutsetning at desse er utan merknad kan Bistro Teisner AS få serveringsløyve.

Skatteattest er utan merknad.

### **Konklusjon:**

Det er positivt at det blir oppretthalde serveringsstad i Fyresdal Næringshage.

Dagleg leiar og styrar Trond Rustand er myndig og har etablerarprøva.

Serveringstidene blir godtekne då dei fylgjer bestemmelsane i Forskrift om opnings- og stenetider for serveringsstader, Fyresdal kommune.

Bistro Teisner AS bør få innvilga søknad om serveringsløyve med Trond Rustand som dagleg leiar og styrar av løyvet.

Under forutsetning at uttale frå skatteetaten og lensmannen i Vinje er utan merknad, kan Bistro Teisner AS få serveringsløyve.

### **Innstilling frå rådmannen:**

Bistro Teisner AS ved kontaktperson Robin Seljevold får innvilga serveringsløyve i lokala til Fyresdal Næringshage.

Type verksemd: Bistro Teisner, restaurant.

Dagleg leiar og styrar: Trond Rustand f 03.05.68

Opningstidene må vere etter Forskrift om opnings- og stenetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark, fastsett av Fyresdal kommunestyre 29. mars 2012 med heimel i lov 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet (serveringsloven) § 15.

Lov om serveringsverksemd med forskrifter må bli fylgde.

Une Marit Aarbakk Tangen	
konstituert rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar